

# Reguleringsføresegner, Hydla 2 utviding. Forslag til endring.

---

## 1. Arealføremål

Areala innanfor plangrensa er regulert til følgjande føremål:

### 1.1. PBL §12-5, 1 Bygningar og anlegg:

- Fritidsbustadar og uteoppphaldsareal

### 1.1. PBL §12-5, 2 Samferdsel og teknisk infrastruktur

- Veg og gangveg

### 1.2. PBL §12-5, 5 Landbruk, natur- og friluftsføremål

- Friluftsføremål

### 1.3. PBL §12-5 Grønnstruktur

- Friområde

## 2. Felles føresegner

### 2.1

Ved søknad om bygging på den enkelte tomt, skal planen vise bygningen med murar og eventuelle andre inngrep i terrenget. Byggesøknad skal innehalde terrengsnitt og situasjonskart som viser den totale disposisjon, planering og utnytting av tomta, samt gjelder.

### 2.2

Byggjegrense er vist på planen. Hyttene kan ha storleik inntil 25% BRA pr. tomt inklusiv parkeringsareal, men likevel ikkje større enn  $320\text{ m}^2$ . Mønehøgde målt frå overkant golv i 1. etasje kan være maksimalt 6,2 meter.

### 2.3

Garasje er inkludert i bruksarealet, kan ha mønehøgde inntil 4 meter og ikkje større grunnflate enn  $50\text{ m}^2$ . Bygningen skal gjevast ei utforming som passar til hytta.

Frittståande garasjar kan plasserast med ein avstand til tomtegrense mot veg på 2 meter og inntil 1 meter frå grense mot nabo.

### 2.4

Det skal ikkje byggast murar over 1 meter, eller etablerast skjeringar over 1,5 meter på tomta. inntil  $120\text{ m}^2$  av tomta inkludert terrasse kan gjerdast inn. Utforming av gjerdet skal stå i stil med hyttene. Det er ikkje tillate med nettinggjerde. På kvar tomt skal det opparbeidast minimum 2 oppstillingsplassar for bil, inkludert plassar i ein eventuell garasje.

## **2.5**

Hyttene skal ha saltak med torvtekking. Fasaden skal målast i brun, mørk brun eller svarte fargetonar, slik at dei vert minst mogleg synlege i terrenget.

## **2.6**

Uteoppaldsareal/leikeplassar som vist på planen er felles for alle eigedomane innanfor plangrensa. Eksisterande vegetasjon på fellesareala skal i størst mogleg grad vernast mot inngrep, og kan ikkje fjernast utan godkjenning frå styret i hytteforeninga/grunneigar.

Vegetasjon innanfor viste frisiktsoner skal fjernast.

Vegetasjonen innanfor friluftsareala kan berre fjernast etter avtale med grunneigar.

## **3. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur**

### **3.1**

Vegane vist på planen kan nyttast av hytteeigarane innanfor regulert område, samt av noverande og framtidige tomter frådelt frå gbnr. 46/113 og 46/104

### **3.2**

Vegane skal opparbeidast i samsvar med vedlagd normalprofil, teikning F1, datert 24.04.2013, og ha minimumsmål som vist på reguleringskartet. Vegen skal ha maks. stigning på 10%, men skal i størst mogleg grad følgje terrenget. Skjeringar og fyllingar skal ha maks stigning på 1:2.

### **3.3**

Hytteeigarane er pålagde å knytte seg til opparbeida vatn- og avløpsnett.